Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 04.09.2026
Vår ref: 2019/2099
Dykkar dato: 26.06.2026
Dykkar ref: 202317615

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om auka slukeevne - Kvangreelva kraftverk - Kinn

Kvangreelva kraftverk påverkar ei elvestrekning med fleire naturtypar i eit område som er særskilt framheva i grunnlaget for vassdragsvernet. Delar av strekninga inngår òg i Ålfotbreen landskapsvernområde. Vi er usikre på dei reelle miljøkonsekvensane av eit auka vassuttak frå Kvangreelva. Vi ber særleg NVE vurdere om vassføringa vinterstid vil vere tilstrekkeleg til å sikre at naturvariasjonen og dermed grunnlaget for at vassdragsvernet blir oppretthalde.

Vi viser til høyringa av søknad å endre slukeevna i Kvangreelva kraftverk.

Bakgrunn

Kvangreelva Kraftverk AS søkjer om å få auke slukeevna i Kvangreelva kraftverk frå 250 til 480 l/s, noko som vil bety ei auke frå 18 til 35 prosent av middelvassføringa. Auken i slukeevne vil gjelde med gradvis auka uttak i periodar der vassføringa i elva er over 800 l/s, noko som svarar til 59 prosent av middelvassføringa. I konsesjonen er det fastsett krav om slepp av minstevassføring på 105 l/s, som er 1,6 x alminneleg lågvassføring, eller om lag 1/3 av 5-persentil sommar. Endringa vil auke det årlege energiutbyttet med 2 GWh.

Kvangreelva er del av Solheimsvassdraget, som er verna mot kraftutbygging. Det går fram av NVE veileder 1 – 2010 at det ved kraftutbygging i verna vassdrag skal det vere att *ei romsleg og variert vassføring*, og *verneverdiane skal ikkje svekkast*. Vassuttaket skal avklarast i kvart enkelt tilfelle, men det har vore vanleg å avgrense uttaket til godt under halvparten av middelvassføringa.

Vernegrunnlaget for Solheimsvassdraget er ifølgje NVEs nettsider *anbefalt type- og referansevassdrag*. Verneverdiane som ligg til grunn er følgjande: «Brepåvirket, kystnært vassdrag i ytre Sogn. Vassdragets breer, elver og vann er sentrale deler av et kontrastrikt og særpreget landskap fra høyfjell til fjord. Særlig øvre deler er preget av berggrunnstrukturen. Dalføret har flere store vann. Elveløpsformer med tilhørende aktive prosesser, botanikk, fuglefauna og landfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Viktig for friluftslivet. Urørthet. ..... I de bratte skrentene mellom hyllene går elvene i flere fosser som er viktige landskapselementer.»

I og ved vassdraget er det registrert fleire naturtypar; fosseeng, fuktpåverka berg og flaumskogsmark. I miljørapporten er naturen i utbyggingsområdet samla vurdert å ha *svært stor*

verdi. Det er Ålfotbreen landskapsvernområde som gir den høge verdien, men òg naturtypane har stor verdi. Påverknad av ei eventuell oppgradering er rekna som ubetydeleg for naturtypane, men som noko forringing for verneområdet. Tiltaket er vurdert til å gi konsekvensgrad *betydeleg miljøskade (--)*.

Vår vurdering

Ei utviding av slukeevna slik det er søkt om kan gi eit lite bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging utan å føre til nye naturinngrep. Konsekvens av tiltaket vil vere knytt til ytterlegare redusert vassføring i eit vassdrag verna mot kraftutbygging og med fleire vasstilknytte naturtypar, og inkludert eit strekning inne i Ålfotbreen landskapsvernområde. Ein eventuell konsesjon må føresetje at utvidinga kan gjennomførast i tråd med miljøprinsippa i naturmangfaldlova § 8 – 12.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossekall, vintererle og strandsnipe.

Naturkartlegginga påviste i tillegg sju naturtypelokalitetar ved elva; to lokalitetar med fosseenger med moderat naturmangfald og høg kvalitet, to lokalitetar med flaumskogsmarker med lite naturmangfald og moderat kvalitet, eitt fosseberg med lite naturmangfald og moderat kvalitet, og to fossepåverka berg, derav eitt med moderat naturmangfald og høg kvalitet, og eitt med lite naturmangfald og moderat kvalitet.

Mest usikre er nok vurderingane knytt til påverknad av fosseengene, som er sett til «ubetydeleg». Den auka slukeevna skal berre brukast i periodar med vassføring på meir enn 800 l/s, og vi forstår det slik at uttaket skal aukast gradvis slik at vassføringa i slike periodar aldri kjem under 800 l/s. Den raudlista naturtypen fosseeng er truleg heilt avhengig av at vassføringa vinterstid er stor nok til at ungtre blir øydelagde av ising, elles vil engene gro til med skog. Endringane i slukeevne må med andre ord ikkje føre til at vassføringa blir for lita vinterstid, elles kan fosseengene gå tapt. Sjølv i Vestland fylke er det relativt få fosseenger, slik at tap vil «svekke naturtypens utbredelse lokalt/regionalt», som er kriteriet i M-1941 for påverknadsgrad *noe forringet*.

Når det gjeld vurderingane av påverknad og konsekvens i tabell 5 i miljørapporten, vil vi elles peike på at vassdrag verna mot kraftutbygging ikkje blir rekna som verneområde i M-1941. Den samla konsekvensgraden blir likevel Middels konsekvens, eller to minus (--), som i rapporten er kalla *betydeleg miljøskade*.

Den totale slukeevna som vil kunne utnyttast vil vere 35 prosent av middelvassføringa, altså innafor det som *kan* aksepterast i eit vassdrag verna mot kraftutbygging, dersom verneverdiane ikkje blir svekka.

Som omtalt i miljørapporten vil bortfall av vatn likevel redusere fossesprut, overrisling av vatn, og vassdekking av flaumareal ved elva, både i tid og omfang. Det er ikkje grunn til å tru at naturtypane vil forsvinne, men det er heller ikkje grunnlag for å kunne hevde at dei ikkje kan bli noko påverka. Det ekstra uttaket vil utgjere prosentvis lite ved store flaumar, men i relativt større grad ved små og moderate flaumar. Det er ei tilpassing i søknaden at terskelen for det ekstra uttaket er høgare enn dagens minstevassføringskrav, men tiltaket vil likevel påverke vassføringa ved vassføringar godt under middelvassføring. For at det ekstra uttaket skal fungere slik det er planlagt, må det vere ei sikker teknisk løysing som òg kan etterprøvast.

Miljørapporten og omtalen av landskapsverdiar i søknaden understrekar dei store verneverdiane knytt til elvestrekninga. Figur 11 i miljørapporten, og Naturbase viser at det er tilknytt viktige

terrestriske naturtypar ved elva på om lag halvparten av strekninga mellom Støylsvatnet og kraftstasjonsavløpet. Elvestrekninga har òg fleire fossar som utgjer viktige landskapselement. Den utbygde strekninga passar dermed godt inn i vernegrunnlaget for Solheimsvassdraget slik det er omtalt i bakgrunnskapittelet.

Oppløysinga på kurvane i figur 1-3 i hydrologirapporten er for dårleg til at vi får eit detaljert nok grunnlag til å vurdere vassføringa i kritiske periodar om vinteren. **Særleg for fosseengene er det viktig at vassføringa vinterstid er stor nok til å sikre nok fukt til å hindre gjengroing (gjennom «ispansring» av ungtre). Vi ber NVE vurdere om vassføringa vinterstid vil vere tilstrekkeleg til å sikre at naturvariasjonen og dermed grunnlaget for vassdragsvernet blir oppretthalde**.

Med helsing

Eline Orheim
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN